



Kviteseid kommune

|



Beredskapsplan for barnehageeigar i samband med Covid-19 pandemien

Versjon 2
05.05.21

Innhald

Bakgrunn for planen	2
Føremål med planen.....	2
Målgruppe for planen	2
Ansvar	2
Vedtak om tiltaksnivå og stenging.....	3
Ved smitteutbrot i barnehagen	4
Telefonliste ved beredskap	5
Smitteverntiltak for tilsette.....	5
Bruk av munnbind.....	6
Risikovurdering.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Smitteverntiltak for dei tilsette på gult og raudt nivå.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Oppfølging av sårbare barn.....	6
Barn si rolle i utbrotet.....	7
Når skal barn og vaksne ikkje møte i barnehagen?	7
Tiltak dersom heile eller delar av barnehagen må halde stengt	8
Bemanning ved sjukdom/karantene.....	9
Tre grunnpilarar for å hindre smittespreiing.....	9
Smittereduserande tiltak	0
Rutinar for god hygiene og forsterka reinhald	6

Bakgrunn for planen

Vi har for tida eit pandemiutbrot av Covid-19-viruset i Noreg og resten av verda. Dette påverkar samfunnet i stor grad. Det er ei målsetting for Regjeringa at skular, SFO og barnehagar skal kunne halde opent gjennom pandemiperioden. For å lukkast med dette, er det utvikla nasjonale smittevernrettleiarar. Smittevernrettleiarane baserer seg på ein trafikklysmoell, med tre nivå av smitteverntiltak på raudt, gult og grønt nivå. Det viktigaste tiltaket er at alle med symptom på luftvegsinfeksjon skal halde seg heime. I tillegg kjem kontaktreducerande tiltak, hygienetiltak og reinhaldstiltak. Kommunane er bedne om å utarbeide lokale planar som syner korleis skulane, SFO og barnehagane skal kunne endre tiltaksnivå basert på endringar i lokal smittesituasjon. Denne planen gjeld barnehagane.

Føremål med planen

Planen skal, uavhengig av nivå på smitteverntiltak:

- Sikre eit godt barnehagetilbod
- Sikre at barnehagane har god og oppdatert informasjon om smittesituasjonen, gjeldande regelverk og smittevernrettleiarar.
- Vidareformidle informasjon til barnehagane for å førebygge smittespreiing, formidle råd og rettleiing frå nasjonale myndigheiter.
- Sikre at barnehagane opprettheld forsvarleg drift i tråd med smittevernråd gjevne av nasjonale myndigheiter ut frå smittesituasjonen til ei kvar tid

Målgruppe for planen

Planen er fyrst og fremst eit verktøy for barnehageeigar og barnehageleiinga. Den er også meint som informasjon for tilsette og føresette.

Ansvar

Barnehageeigar er ansvarleg for å sikre at drifta skjer i samsvar med gjeldande regelverk og etablere rutinar for internkontroll som sikrar at miljøet i barnehagen fremjar helse, trivsel, gode miljøforhold og gode sosiale forhold, samt førebygge sjukdom og skade.

Barnehageeigar er ansvarleg for å sikre ei forsvarleg drift som tek omsyn til smittevern.

Barnehageleiinga skal syte god kommunikasjon og opplæring til tilsette og foreldre, slik at dei forstår kvifor tiltaka er viktige.

Barnehageeigar og barnehagane er ansvarlege for å finne dei beste løysingane lokalt, og må streve etter å oppnå eit best mogleg smittevern innanfor dei ulike tiltaksnivåa. På den måten kan både barn, foreldre og tilsette vera trygge på smittevernet.

Personalet har ansvar for å halde seg oppdatert på informasjon om lokal smittesituasjon og tiltak og gjennomføre arbeidsoppgåver innanfor rammene tiltaka gjev.

Helse- og omsorgstenesta i kommunen har ansvar for oppfølging ved tilfelle og utbrot og for vurdering av tiltaksnivå i lys av lokal smittesituasjon.

Representantar for dei tilsette (t.d. verneombod, tillitsvald) bør involverast i arbeidet med smittevernet. Same gjeld for samarbeidsutvalet.

Arrangement i regi av barnehagen reknast som offentleg arrangement og må gjennomførast i tråd med til ei kvar tid gjeldande nasjonale og lokale lovar og anbefalingar.

Vedtak om tiltaksnivå og stenging

Beredskapsrådet er kommunen si øvste kriseleiing. Dersom det skal fattast vedtak lokalt om kva for nivå (raudt, gult, grønt) barnehagane skal sette i verk tiltak etter, er det kommuneoverlegen i samarbeid med beredskapsrådet som gjer dette. Merk at det er nasjonalt regelverk som avgjer i kva grad det er høve til å fatte slike lokale vedtak. Kommunalsjef skule og barnehage har ansvar for at barnehageleiinga får beskjed om vedtaket og set i verk tiltak.

I beredskapsrådet deltek:

Rådmann, ordførar, personalsjef, kommunalsjef helse og omsorg, kommunalsjef skule og barnehage, næringssjef, beredskapsleiar og kommuneoverlege.

Dersom avgjersle om smittenivå blir fatta på regionalt eller nasjonalt nivå, er det kommunalsjef skule og barnehage som har ansvar for å innhente informasjonen, og syte for at barnehageleiinga blir orientert og tiltak sette i verk.

Vedtak om stenging er regulert i Forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet (covid-19 forskriften):

§ 12c Kommunens myndighet til å stenge eller begrense aktivitet ved barnehager, skoler og andre utdanningsinstitusjoner

Kommunen kan fatte vedtak om stenging eller begrensning av aktivitet i en enkelt barnehage, skole, universitet, høyskole, fagskole eller annen utdanningsinstitusjon etter smittevernloven § 4-1 første ledd dersom det er nødvendig for å stanse pågående smittespredning. Slikt vedtak kan ikke fattes av kommunen som et generelt forebyggende tiltak.

Kommunen kan bare fatte generelt stengingsvedtak for barnehager, skoler universiteter, høyskoler, fagskoler eller andre utdanningsinstitusjoner i kommunen dersom det er stor smittespredning. Kommunene i en bo- og arbeidsmarkedsregion bør samarbeide om slike vedtak. Vedtakene skal godkjennes av Helsedirektoratet.

Med «kommunen» meinast her kommunestyre eller kommuneoverlegen.

Ved smitteutbrot i barnehagen

Det er foreldre som har ansvar for at barn som har behov for det blir testa. Barnehagen sitt ansvar er at verken barn eller tilsette med symptom på Covid-19 er i barnehagen. Dersom foreldre er i tvil om dei skal teste, skal dei kontakte legekontoret for ei vurdering.

Dersom barn eller tilsette busette i Kviteseid kommune testar positivt for Covid-19, er det kommuneoverlegen som fyrst vil få informasjon om dette. Kommuneoverlegen varslar beredskapsleiar. Beredskapsleiar varslar og kallar inn beredskapsrådet, mellom anna kommunalsjef skule og barnehage. Kommunalsjefen har ansvar for å varsle barnehagestyrar som vidare har ansvar for å informere tilsette og føresette. Barnehagestyrar deltek i beredskapsrådsmøtet, og vurderer om det er andre tilsette frå barnehagen som også bør møte.

Dersom tilsette som ikkje er busett i Kviteseid kommune testar positivt for Covid-19, skal dei straks gje beskjed til styrar i barnehagen om dette. Styrar i barnehagen skal straks informere kommunalsjefen, som igjen skal varsle beredskapsleiar. Beredskapsleiar har ansvar for å varsle og kalle inn beredskapsrådet og barnehagestyrar.

Retningslinjer for fyrste møte beredskapsrådet i ein smittesituasjon:

- Alle faste medlemmer skal delta
- Beredskapsleiar leiar møtet
- I møtet skal kommuneoverlegen få all informasjon ho treng frå barnehagen for å sette i verk smittesporingsarbeidet og karantene
- Kommuneoverlege avgjer kva slags tiltaksnivå (gult eller raudt) barnehagen skal sette i verk. Dersom raudt nivå, krev dette ein dag med stengt barnehage for Brunkeberg og Kviteseid barnehage.
- Barnehagen skal få høve til drøfte problemstillingar kring smittevern og drift i fasen vi går inn i
- Møtet blir eining om informasjonen som skal ut til publikum på heimeside, FB og presse. Det er kommuneoverlegen som har ansvar for innhaldet.
- Avtale tidspunkt for neste møte

Etter beredskapsmøtet held barnehagen fram med fagmøte. Kommunalsjef og alle styrarar deltek på møtet. Andre etter behov. Kommunalsjef leiar møtet.

Tema på møte:

- Sende ut informasjon til foreldre og tilsette
- Vurdere om enkelte tilsette eller heimar har behov for særskilt oppfølging
- Ved raudt nivå: drøfte korleis sårbare barn skal bli ivaretatt
- Ved raudt nivå: førebu den komande planleggingsdagen med dei tilsette

Tilsette og føresette vil i få denne meldinga frå styrar i barnehagen (med atterhald om ev. tilpassing til den aktuelle situasjonen):

«Det er påvist Covid-19 smitte ved Kviteseid barnehage/Brunkeberg oppvekstsenter, barnehage/ Straumsnes oppvekstsenter, barnehage. Naudsynte tiltak og smittesporing er sett i gang. Partar som blir omfatta av tiltak og smittesporing vil bli kontakta direkte. Dersom du ikkje blir kontakta direkte, møter du i barnehagen som normalt. Meir informasjon vil følgje.»

Det er helse- og omsorgstenesta som avgjer kven som blir omfatta av karantene jf. til ei kvar tid gjeldande reglar.

Kviteseid kommune vil sende ei pressemelding om situasjonen. Det er i utgangspunktet ordførar og kommuneoverlege som skal handsame spørsmål frå pressa. Barnehagen sitt ansvar i situasjonen er å syte for eit godt tilbod til dei barna som er i barnehagen. Det er kommuneoverlegen og helse- og omsorgstenesta sitt ansvar å syte for smittesporing og situasjonen kring smitteutbrotet.

Telefonliste ved beredskap

Stilling	Namn	Telefonnummer
Kommuneoverlege	Kine Jordbakke	959 26 844
Beredskapsleiar	Tarjei Gjelstad	952 41 315
Rådmann	Øystein Tveit	900 86 575
Kommunalsjef skule og barnehage	Ingunn Haugland	924 24 086
Styrar, Kviteseid barnehage	Eva Lundeberg	908 58 144
Styrar/fagleiar, Brunkeberg oppvekstsenter	Anne Helen Berge	911 53 737
Mellombels leiar Straumsnes barnehage	Heidi Wrålsen Evja	908 55 788

Smitteverntiltak for tilsette

Tilsette må halde ein meters avstand til andre tilsette i andre kohortar gjennom heile arbeidsdagen. Dei må vera særleg merksam på fellesområde og kontor kor ein oppheld seg i

lengre periodar. Dess fleire som møtast og definerast som nærkontaktar, dess fleire bli omfatta av ei eventuell karantene, og eit eventuelt smitteutbrot kan bli større enn naudsynt.

Kontaktar og nærkontaktar er to ulike kategoriar:

- Nærkontakt blir bruka for å definere kven som skal i karantene og må teste seg ved eit påvist smittetilfelle. Definisjonen av nærkontaktar er mellom anna personer som har vore i mindre enn 2 meters avstand frå den smitteførande personen i meir enn 15 minutt.
- Ein kontakt er en person som har vore i nærleiken av ein smitta person, men som ikkje fell i kategorien nærkontakt og har liten risiko for å bli smitta.

Behovet for å vera tilstade på arbeidsplassen utanom barnehagen si opningstid (t.d. personalmøter) vurderast opp mot smittesituasjonen på gult og raudt nivå. Gjennomføring av møter fysisk eller digitalt blir også vurdert opp mot smittesituasjonen. Ved gjennomføring av fysiske møte, må ein halde kravet til avstand.

Bruk av munnbind

Korrekt bruk av medisinsk munnbind eller godkjent tøy-munnbind kan bidra til å redusere smitte frå person som er smitta med koronaviruset, men beskyttar i mindre grad brukaren mot smitte. Munnbind er mindre effektivt enn andre smittereduserande tiltak, som å halde avstand og å halde seg heime når ein er sjuk.

Dersom det skal være aktuelt å bruke munnbind for tilsette, bør det:

1. Vera ei generell tilråding om bruk av munnbind i kommunen og
2. Vera gult eller raudt tiltaksnivå i barnehagen, og
3. Vera ein situasjon kor det ikkje er mogleg å halde avstand til andre vaksne i barnehagen

Munnbind skal ikkje brukast saman med barna. Barn i barnehagen skal ikkje bruke munnbind.

Oppfølging av sårbare barn

Når barnehagen er stengt eller har redusert tilbod på grunn av tiltak etter smittevernlova/ covid-19 forskrifta, skal barnehageeigar syte for eit tilbod i barnehagen for barn som har eit særleg behov som ikkje kan ivaretakast i slike tilfelle. Barn som får spesialpedagogisk hjelp skal alltid vurderast i slike tilfelle. I tillegg kan det vere barn som ikkje kan ivaretakast når barnehagen er stengt eller har redusert tilbod, til dømes barn som lever under vanskelege familieforhold. Det er også viktig å vere merksam på barn som under normale forhold ikkje ville vore utsett.

Styrrar har ansvar for at det til ei kvar tid ligg føre ei oppdatert oversikt over barn som skal få eit tilbod om barnehage ved stenging, eller redusert tilbod.

Foreldre skal ikkje behøve å be om eit et slikt tilbod, barnehagen skal tilby det utan oppmoding.

Barn si rolle i utbrotet

Covid-19 kjem av viruset SARS-CoV-2, kalla koronavirus. Viruset kan føre til luftvegsinfeksjon av varierende grad av alvor. Nye, meir smittsame virusvariantar har etablert seg i Noreg. Særleg varianten av viruset som fyrst blei funnen i England har fått stor utbreiing. Viruset tåler ikkje såpe og vatn, heller ikkje desinfeksjon med alkohol eller temperaturar over 60°C. I tillegg blir viruset raskare inaktivert utandørs.

Viruset smittar hovudsakeleg via dråpesmitte kor virus frå luftvegane til ein sjuk eller smitta person spreier seg med små dråpar, til dømes ved hosting og nysing, og vidare til ein annan persons luftvegar.

Barn smittar vidare omtrent halvparten så ofte som vaksne, også for nye virusvariantar. Barn smittast oftast innan eigen husstand, deretter på private treff eller i barnehagen.

Smitte i skular og barnehagar blir reflektera av smitte i samfunnet. Det vil seie at når smitten aukar i samfunnet, aukar også smitten hos barn og unge. Tiltak i samfunnet fører derfor til å kontrollere epidemien for at barnehagar kan vera opne. Med nye, meir smittsame virusvariantar er det større sannsyn for tilfelle i barnehagar og skular sidan variantane er meir smittsame i alle aldersgrupper. Når andre aldersgrupper har svært strenge reglar for sosial kontakt, vil skular og barnehagar vere eit av få stader kor menneske møtast.

Det er fyrst og fremst personar med symptom som er smittsame, og ein er mest smittsam i det ein utviklar symptom. Dei fleste barn får mild sjukdom, og ein trur at 20-50% har infeksjon utan symptom. Barn har mindre symptom enn vaksne, og vil derfor vere mindre smittsame. Den engelske virusvarianten er meir smittsam i alle aldersgrupper, men aldersfordelinga svarar til det ein kjenner frå tidligare variantar.

Når skal barn og vaksne ikkje møte i barnehagen?

Covid-19 viruset er mest smittsamt ved symptom. Symptom på sjukdomen er liknande som ved andre luftvegsinfeksjonar, slik som sår hals, hoste, feber og sjukdomskjensle. Det er derfor svært viktig at barn og vaksne (tilsette og foreldre) med luftvegssymptom i pandemiperioden ikkje møter i barnehagen og smittar andre.

Ettersom tida går, er det truleg at det både for føresette og tilsette ville oppleve dette kravet vanskelegare. Det er derfor viktig at kommunen og barnehageleiinga jamleg gjev informasjon kring dette, og at barnehagane opprettheld en praksis kor barn med symptom på luftvegsinfeksjon alltid skal sendast heim.

Barn og tilsette med symptom på luftvegsinfeksjon:

- Barn og tilsette med nyoppståtte symptom på luftvegsinfeksjon og/ eller sjukdomskjensle skal ikkje møte i barnehagen, sjølv om symptoma er milde.
- Barn og tilsette skal halde seg heime til allmenntilstanden er god. Barn og tilsette kan koma tilbake i barnehagen når dei har negativ test og om dei verkar friske og er feberfrie, sjølv ved restsymptom etter luftvegsinfeksjon (noko snørr, tett nase og lett hoste).

Barn, føresette eller tilsette som er i isolasjon eller karantene:

- Barn, føresette og tilsette skal ikkje koma i barnehagen dersom dei er i karantene eller isolasjon. Det er ikke barnehagens ansvar å identifisere kven som skal i isolasjon eller karantene.

Andre tiltak:

- Føresette med symptom på luftvegsinfeksjon skal ikkje bringe eller hente i barnehagen
- Barnehagane i samband med helse- og omsorgstenesta skal syte for jamleg informasjon til heimane kring smittevern
- Barn med symptom på luftvegsinfeksjon i barnehagen skal alltid sendast heim jf. smittevernrettleiaren. Det skal vera låg terskel for dette.

Tiltak dersom heile eller delar av barnehagen må halde stengt

Barnehagen er ein stor del av barna sin kvardag. Barnehagen hjelper barna med å oppretthalde rytmen i dagen og i veka. Det er ein arena for å møte vener, leike, utvikle sosiale ferdigheiter og språk, utforske og lære. Å ikkje kunne møte i barnehagen som vanleg, vil vere ei stor endring i barna sitt liv og på ulike måtar opplevast som ei kjensle av tap. For å betre situasjonen for barna, er det viktig at barnehagane opprettheld kontakten med heimen og barna i perioden avdelingar eller heile barnehagen eventuelt må stenge. På kva for ein måte dette skal gjerast, er opp til den einskilde barnehage å avgjere. Det vil sjølv sagt også vera avhengig av barna sin alder og korleis barnet reagerer på situasjonen.

Døme på måtar på halde kontakt med barna og heimen:

- Utarbeide oppgåver barna kan gjere heime
- Ringje heimen jamleg (telefon eller Facetime). Snakke med barnet, dersom alderen tilseier det.
- Besøke barnet «over gjerdet»/ «på trappa»
- Sende ei videohelsing

Bemanning ved sjukdom/karantene

Bemanning ved mange tilsette borte grunna sjukdom eller karantene er ei utfordring.

Situasjonen med muterte og meir smittsame virusvariantar, har ført til at fleire kjem i karantene ved påvist smitte i barnehagen. Tilgangen på vikarar er heller låg, og stort sett er vikarane ufaglærte. Vi kan kome i ein situasjon kor det ikkje er mogleg å både oppretthalde drift i barnehagane, samstundes om ein opprettheld gjeldande smitteverntiltak. Dersom det blir situasjonen vil følgjande tiltak bli vurdert:

- Reduserte opningstider
- Fjerne tilbod om matsservering, innføre matpakke
- Kartlegge i kva grad føresette har høve til å halde barnet heime
- Tilbod om barnehageplass i ein annan barnehage i ein periode

Tre grunnpilarar for å hindre smittespreiing

Føremålet med råda er å minske spreing av covid-19. Dei tre grunnpilarane for å hindre smittespreiing er:

1. **Sjuke personar skal ikkje vere i barnehagen.**
Det aller viktigaste smitteverntiltaket er at sjuke personar held seg heime, sjølv ved milde symptom.
2. **God hygiene.**
Hostehygiene og å halde avstand er avgjerande for å hindre dråpesmitte, medan handhygiene er viktig for å hindre kontaktsmitte.
3. **Redusert kontakt mellom personar.**
Auka fysisk avstand mellom personar reduserer moglegheita for smitte, også før symptom på sjukdom. Mindre grupper gjev færre nærkontaktar og redusert risiko for smitte.

Smittereduserande tiltak

Gjeld for alle nivå:

Behovet for nærleik og omsorg hos barna må ivaretakast. Tilsette bør vaske hender etter kos og trøst.

For spesielle tenestar (PPT, logoped og andre) skal desse følgje basale smittevernrutinar etter gjeldande tilrådingar (god hand- og hostehygiene, ikkje møte opp ved sjukdom, osv.), men kan elles utføre sitt arbeid som normalt.

	Nasjonal rettleiar	Lokal tilrettelegging		
		Brunkeberg	Kviteseid	Straumsnes
GRØNT	<p>Ingen sjuke skal møte i barnehagen</p> <p>God hygiene og normalt reinhald</p> <p>Det ikkje behov for kohortinndeling av barn.</p> <p>Barn skal ikkje dele mat og drikke.</p> <p>Unngå fysisk kontakt mellom tilsette (handhelse og klemme)</p>	<p>Ingen sjuke skal møte i barnehagen</p> <p>Følgje ordinære rutinar for hygiene og reinhald</p> <p>Organisering som normalt.</p> <p>Matsservering som normalt.</p> <p>Tilsette minnast om å ikkje handhelse og klemme kvarandre.</p>	<p>Ingen sjuke skal møte i barnehagen</p> <p>Følgje ordinære rutinar for hygiene og reinhald</p> <p>Organisering som normalt.</p> <p>Matsservering som normalt.</p> <p>Tilsette minnast om å ikkje handhelse og klemme kvarandre.</p>	<p>Ingen sjuke skal møte i barnehagen</p> <p>Følgje ordinære rutinar for hygiene og reinhald</p> <p>Organisering som normalt.</p> <p>Matsservering som normalt.</p> <p>Tilsette minnast om å ikkje handhelse og klemme kvarandre.</p>
GULT	<p>Ingen sjuke skal møte i barnehagen</p> <p>God hygiene og forsterka reinhald</p> <p>Avdelinga reknast som ein kohort. Sjå rettleiaren for meir kring dette.</p> <p>Kohortane, som ikkje samarbeider, bør ha ulike områder å leike i ute.</p>	<p>Ingen sjuke skal møte i barnehagen</p> <p>Følgjer forsterka rutinar for hygiene og reinhald. Sjå smittevernrettleiar.</p> <p>Avdelinga reknast som ein kohort.</p> <p>Barnehagen er delt inn i to kohortar, som samarbeider ute.</p>	<p>Ingen sjuke skal møte i barnehagen</p> <p>Følgjer forsterka rutinar for hygiene og reinhald. Sjå smittevernrettleiar.</p> <p>Avdelinga reknast som ein kohort.</p> <p>Uteområdet til barnehagen er delt i to soner.</p>	<p>Ingen sjuke skal møte i barnehagen</p> <p>Følgjer forsterka rutinar for hygiene og reinhald. Sjå smittevernrettleiar.</p> <p>Organisering som normalt</p> <p>Leikeplassen ute nyttast som normalt.</p>

<p>Fleire kohortar kan vere ute samtidig. For å halde avstand mellom kohortane, kan leikeplassen delast i soner.</p> <p>Samansetning i kohortane kan endrast kvar veke etter helg.</p> <p>Unngå trengsel på veg inn og ut av barnehagen, i garderobar og på toalett.</p> <p>Føresette må halde ein meter avstand til tilsette og andre føresette.</p> <p>Meir tid ute.</p> <p>Barn skal ikkje dele mat og drikke.</p> <p>Mat kan lagast i barnehagen etter gjeldande retningslinjer, men bør serverast porsjonsvis.</p> <p>Barna bør ete på si avdeling/kohort. Ved felles rom, bør kohortane ete til forskjellige tider. Bord og stolar bør reingjerast etter kvar gruppe.</p>	<p>Barnehageleiinga kan endre på bruk av personalet etter behov. Dette bør helst gjerast etter helg.</p> <p>Det er utarbeida felles rutinar for levering/henting inne i barnehagen.</p> <p>Føresette bli oppmoda til å halde avstand t.d. gjennom oppslag.</p> <p>Barnehageleiinga vurderer i tråd med årstid og barnas alder kor mykje barna skal vera ute.</p> <p>Barn skal ikkje dele mat og drikke.</p> <p>Måltid serverast som normalt. Mat serverast ferdig smurt/kutta og porsjonsvis.</p> <p>Måltid gjeng føre seg på avdelingane.</p>	<p>Barnehageleiinga kan endre på bruk av personalet etter behov. Dette bør helst gjerast etter helg.</p> <p>Det er utarbeida felles rutinar for levering/henting inne i barnehagen.</p> <p>Føresette bli oppmoda til å halde avstand t.d. gjennom oppslag.</p> <p>Barnehageleiinga vurderer i tråd med årstid og barnas alder kor mykje barna skal vera ute.</p> <p>Barn skal ikkje dele mat og drikke.</p> <p>Måltid serverast som normalt. Mat serverast ferdig smurt/kutta og porsjonsvis.</p> <p>Måltid gjeng føre seg på avdelingane.</p>	<p>Det er utarbeida felles rutinar for levering/henting inne i barnehagen.</p> <p>Føresette bli oppmoda til å halde avstand t.d. gjennom oppslag.</p> <p>Barnehageleiinga vurderer i tråd med årstid og barnas alder kor mykje barna skal vera ute.</p> <p>Barn skal ikkje dele mat og drikke.</p> <p>Måltid serverast som normalt Mat serverast ferdig smurt/kutta og porsjonsvis.</p> <p>Måltid gjeng føre seg på avdelinga.</p>
---	--	--	--

	<p>Unngå deling av materiell og leiker mellom avdelingane/kohortane.</p> <p>Leiker bør ikkje takast med heimanfrå.</p> <p>Unngå fysisk kontakt mellom tilsette (handhelse og klemme). Tilsette skal halde 1 meter til vaksne i annan kohort.</p> <p>Vere ekstra merksame på hygiene kring kjøkken/mat.</p> <p>Dersom det er vikarar som arbeider i fleire barnehagar, må dei få opplæring i gjeldande lokale rutinar i kvar barnehage.</p>	<p>Barnehageleiinga syter for at materiell og leiker er fordelt mellom avdelingane. Leiker som ikkje kan vaskast er rydda bort.</p> <p>Det er ikkje lov å ta med leiker heimanfrå. Kosedyr nyttast berre ved soving.</p> <p>Unngå fysisk kontakt mellom tilsette (handhelse og klemme). Tilsette skal halde 1 meter til vaksne i annan kohort.</p> <p>Tilsette oppmodast til å vera ekstra merksame på hygiene kring kjøkken/mat.</p> <p>Barnehageleiinga har til ei kvar tid ansvar for at vikarar er kjent med barnehagen sine rutinar for smittevern.</p>	<p>Barnehageleiinga syter for at materiell og leiker er fordelt mellom avdelingane. Leiker som ikkje kan vaskast er rydda bort.</p> <p>Det er ikkje lov å ta med leiker heimanfrå. Kosedyr nyttast berre ved soving.</p> <p>Unngå fysisk kontakt mellom tilsette (handhelse og klemme). Tilsette skal halde 1 meter til vaksne i annan kohort.</p> <p>Tilsette oppmodast til å vera ekstra merksame på hygiene kring kjøkken/mat.</p> <p>Barnehageleiinga har til ei kvar tid ansvar for at vikarar er kjent med barnehagen sine rutinar for smittevern.</p>	<p>Barnehagen er ei avdeling. Materiell og leiker nyttast som normalt, men utvalet av leiker er redusert mtp reingjering/karantene av leiker.</p> <p>Det er ikkje lov å ta med leiker heimanfrå. Kosedyr nyttast berre ved soving.</p> <p>Unngå fysisk kontakt mellom tilsette (handhelse og klemme). Alle vaksne er i same kohort.</p> <p>Tilsette oppmodast til å vera ekstra merksame på hygiene kring kjøkken/mat.</p> <p>Barnehageleiinga har til ei kvar tid ansvar for at vikarar er kjent med barnehagen sine rutinar for smittevern.</p>
RAUDT	<p>Etablere mindre kohortar med barn og tilsette. Sjå rettleiaren for meir kring dette.</p>	<p>Barnehageleiinga, i samråd med kommunalsjef, har ansvar for å etablere hensiktsmessige kohortar basert på gjeldande smittesituasjon.</p> <p>Som ein konsekvens av smitterverntiltaka vil barnehagen si opningstid bli redusert.</p>	<p>Barnehageleiinga, i samråd med kommunalsjef, har ansvar for å etablere hensiktsmessige kohortar basert på gjeldande smittesituasjon.</p> <p>Som ein konsekvens av smitterverntiltake vil barnehagen si opningstid bli redusert.</p>	<p>Avdelinga vil i dei aller fleste høve fungere som ein kohort.</p> <p>Som ein konsekvens av smitterverntiltaka, vil barnehagen si opningstid bli redusert.</p>

	<p>For å halde avstand mellom kohortane, kan leikeplassen delast i soner, eller barn kan vera ute til ulike tidspunkt.</p> <p>Syte for at alle barn har eigen sitteplass ved mat eller aktivitetar.</p> <p>Unngå trengsel på veg inn og ut av barnehagen, i garderobar og på toalett.</p> <p>Føresette må halde ein meter avstand til tilsette og andre føresette.</p> <p>Meir tid ute.</p> <p>Ta i bruk større lokale der det er naudsynt og mogleg.</p> <p>Føresette bør ikkje bli med inn i barnehagen dersom det ikkje det er naudsynt. Her må omsynet til barnet sitt behov for trygghet vege tyngst.</p> <p>Mat kan lagast i barnehagen etter gjeldande retningslinjer, men bør</p>	<p>Barnehageleiinga har ansvar for å dele inn uteområdet på ein hensiktsmessig måte mellom kohortane.</p> <p>Barnehageleiinga har ansvar for at alle barn har sin faste sitteplass.</p> <p>Føresette leverar og hentar ute eller i døra.</p> <p>Førsette skal halde ein meter avstand til andre vaksne. Det blir også oppslag om dette.</p> <p>Barnehageleiinga vurderer i tråd med årstid og barnas alder kor mykje barna skal vera ute.</p> <p>Vurdere bruk av fleire lokale, t.d. ved Straumsnes oppvekstsenter.</p> <p>Vurderast i kvart einskild tilfelle.</p> <p>Vurdere kva for måltid ein har høve til å servere, avhengig av smittesituasjonen.</p>	<p>Barnehageleiinga har ansvar for å dele inn uteområdet på ein hensiktsmessig måte mellom kohortane.</p> <p>Barnehageleiinga har ansvar for at alle barn har sin faste sitteplass.</p> <p>Føresette leverar og hentar ute eller i døra.</p> <p>Førsette skal halde ein meter avstand til andre vaksne. Det blir også oppslag om dette.</p> <p>Barnehageleiinga vurderer i tråd med årstid og barnas alder kor mykje barna skal vera ute.</p> <p>Vurdere bruk av fleire lokale, t.d. ved Straumsnes oppvekstsenter.</p> <p>Vurderast i kvart einskild tilfelle.</p> <p>Vurdere kva for måltid ein har høve til å servere, avhengig av smittesituasjonen.</p>	<p>Leikeplassen ute nyttast i dei aller fleste høve som normalt.</p> <p>Barnehageleiinga har ansvar for at alle barn har sin faste sitteplass.</p> <p>Føresette leverar og hentar ute eller i døra.</p> <p>Førsette skal halde ein meter avstand til andre vaksne. Det blir også oppslag om dette.</p> <p>Barnehageleiinga vurderer i tråd med årstid og barnas alder kor mykje barna skal vera ute.</p> <p>Det er ikkje naudsynt å ta i bruk fleire lokale.</p> <p>Vurderast i kvart einskild tilfelle.</p> <p>Vurdere kva for måltid ein har høve til å servere, avhengig av smittesituasjonen.</p>
--	---	--	--	---

	<p>serverast porsjonsvis. Barn skal ikkje delta i matlaginga.</p> <p>Barna bør ete på si avdeling/kohort. Ved felles rom, bør kohortane ete til forskjellige tider. Bord og stolar bør reingjerast etter kvar gruppe.</p> <p>Barn skal ikkje dele mat og drikke.</p> <p>Unngå deling av materiell og leiker mellom avdelingane/kohortane. Leiker bør ikkje delast mellom kohortar før leikene er reingjort.</p> <p>Leiker bør ikkje takast med heimanfrå.</p> <p>Tilsette skal ikkje ha fysisk kontakt (handhelse og klemme). Tilsette skal halde 1 meter til vaksne i annan kohort.</p> <p>Begrense fysiske møte og pauser kor fleire samlast.</p> <p>Bruke videokonferanse i staden for</p>	<p>Måltid gjeng føre seg i kohortane.</p> <p>Barn skal ikkje dele mat og drikke.</p> <p>Barnehageleiinga syter for at materiell og leiker er fordelt mellom avdelingane og rutiner for reinhald dersom materiell/leiker skal bytast på.</p> <p>Det er ikkje lov å ta med leiker heimanfrå. Kosedyr nyttast berre ved soving.</p> <p>Tilsette skal ikkje ha fysisk kontakt (handhelse og klemme). Tilsette skal halde 1 meter til vaksne i annan kohort.</p> <p>Barnehageleiinga syter for å legge til rette for at tilsette kan halde avstand på møter og pauser.</p> <p>Personalmøter skal gjennomførast på teams. Andre møte vurderast i kvart enskild tilfelle.</p>	<p>Måltid gjeng føre seg i kohortane.</p> <p>Barn skal ikkje dele mat og drikke.</p> <p>Barnehageleiinga syter for at materiell og leiker er fordelt mellom avdelingane og rutiner for reinhald dersom materiell/leiker skal bytast på.</p> <p>Det er ikkje lov å ta med leiker heimanfrå. Kosedyr nyttast berre ved soving.</p> <p>Tilsette skal ikkje ha fysisk kontakt (handhelse og klemme). Tilsette skal halde 1 meter til vaksne i annan kohort.</p> <p>Barnehageleiinga syter for å legge til rette for at tilsette kan halde avstand på møter og pauser.</p> <p>Personalmøter skal gjennomførast på teams. Andre møte vurderast i kvart enskild tilfelle.</p>	<p>Barnehagen er ein kohort.</p> <p>Barn skal ikkje dele mat og drikke.</p> <p>Leiker og materiell nyttast som normalt. Barnehageleiinga vurderer ekstra rutinar for reinhald.</p> <p>Det er ikkje lov å ta med leiker heimanfrå. Kosedyr nyttast berre ved soving.</p> <p>Tilsette skal ikkje ha fysisk kontakt (handhelse og klemme). Alle tilsette er ein kohort.</p> <p>Barnehageleiinga syter for å legge til rette for at tilsette kan halde avstand på møter og pauser.</p> <p>Personalmøter skal gjennomførast på teams. Andre møte vurderast i kvart enskild tilfelle.</p>
--	---	--	--	---

	<p>fysiske møte med kollegaer der det er mogleg.</p> <p>Felles nettbrett, datamaskiner/tastatur må vaskast av etter bruk.</p> <p>Vere ekstra merksame på hygiene rundt kjøkken/mat.</p> <p>Dersom det er vikarar som arbeider i fleire barnehagar, må dei få opplæring i gjeldande lokale rutinar i kvar barnehage.</p> <p>Unngå omrokkeringer av personalet mest mogleg.</p> <p>Unngå bruk av same vikar i fleire barnehagar.</p> <p>Unngå bruk av handsmykke på jobb.</p>	<p>Barnehageleiinga har ansvar for å lage rutinar og ha tilgjengeleg utsyr for dette.</p> <p>Tilsette oppmodast til å vera ekstra merksame på hygiene kring kjøkken/mat.</p> <p>Barnehageleiinga har til ei kvar tid ansvar for at vikarar er kjent med barnehagen sine smittevernrutinar.</p> <p>Barnehageleiinga unngår mest mogleg omrokkering av personalet, men ved behov for at kvardagen skal gå opp, må omrokkeringar nyttast.</p> <p>Barnehageleiinga har ansvar for å dørfte dette ved overgang til raudt nivå.</p> <p>Tilsette oppmodast til ikkje å bruke ringar og armband på jobb.</p>	<p>Barnehageleiinga har ansvar for å lage rutinar og ha tilgjengeleg utsyr for dette.</p> <p>Tilsette oppmodast til å vera ekstra merksame på hygiene kring kjøkken/mat.</p> <p>Barnehageleiinga har til ei kvar tid ansvar for at vikarar er kjent med barnehagen sine smittevernrutinar.</p> <p>Barnehageleiinga unngår mest mogleg omrokkering av personalet, men ved behov for at kvardagen skal gå opp, må omrokkeringar nyttast.</p> <p>Barnehageleiinga har ansvar for å dørfte dette ved overgang til raudt nivå.</p> <p>Tilsette oppmodast til ikkje å bruke ringar og armband på jobb.</p>	<p>Barnehageleiinga har ansvar for å lage rutinar og ha tilgjengeleg utsyr for dette.</p> <p>Tilsette oppmodast til å vera ekstra merksame på hygiene kring kjøkken/mat.</p> <p>Barnehageleiinga har til ei kvar tid ansvar for at vikarar er kjent med barnehagen sine smittevernrutinar.</p> <p>Lite aktuelt, på grunn av barnehagen sin storleik (ei avdeling/kohort).</p> <p>Barnehageleiinga har ansvar for å dørfte dette ved overgang til raudt nivå.</p> <p>Tilsette oppmodast til ikkje å bruke ringar og armband på jobb.</p>
--	---	--	--	---

Rutinar for god hygiene og forsterka reinhald

Gult og raudt nivå har same rutinar for hygiene og reinhald.

	Nasjonal rettleiar	Lokal tilrettelegging
GRØNT	<ul style="list-style-type: none"> -Ordinære rutinar for reinhald -God handhygiene på rett måte til rett tid -Hoste/nyse i albuekroken eller i tørkepapir 	<ul style="list-style-type: none"> -Følgje ordinær reinhaldsplan for barnehagane -Barn og tilsette blir minna om god handhygiene og det er oppslag om dette i bygget -Barn, føresette og tilsette blir minna om god hoste/nysehygiene og det er oppslag om dette i bygget
GULT	<ul style="list-style-type: none"> -God handhygiene på rett måte til rett tid -Hoste/nyse i albuekroken eller i tørkepapir <p><i>Forsterka rutinar for reinhald:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> -Toalett og vaskeservantar må reingjerast minimum dagleg -Eingongspapirhandkle og såpe skal vera tilgjengeleg -Reingjering av pottar etter bruk -Matbord og stolar vaskast med vatn og såpe etter bruk -Dørhandtak, trappegelender, stolar o.l. reingjerast minimum dagleg. 	<p><i>Barna skal vaske eller desinfisere hender:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> -Når dei kjem til barnehagen, -før måltid, - etter toalettbesøk, - vaske ved synleg skitne hender, - etter å ha pussa nesa, - etter kontakt med dyr -Rutinar som syter for at det alltid er såpe og tørkepapir tilgjengeleg ved alle handvaskar -Rutinar som syter for at våtserviettar og handsprit er med på tur -Rutinar som syter for tilgjengeleg desinfisering t.d. på pauserom, ved porten og andre aktuelle stader -Rutinar for å bruke hanskar ved bleieskift og handvask etter bleieskift -Det er oppslag i bygget om rutinar for god handhygiene, når og korleis den skal gjennomførast. -Det er ikkje naudsynt med smittevernutstyr eller eige arbeidstøy. Tøy vaskast som normalt. -Barn, føresette og tilsette blir minna om god hoste/nysehygiene og det er oppslag om dette i bygget -Reinhald utarbeider eigne planar for forsterka reinhald i tråd med tilrådingane i smittevernrettleiaren. -Barnehageleiinga har ansvar for reingjering av leiker og ev. matbord/stolar dersom fleire grupper skal bruke same bord. -Barnehageleiinga har ansvar for å vurdere kor mykje leiker og materiell som treng å vera framme

	<ul style="list-style-type: none"> -Nettbrett, tastatur/datamaskin og anna utstyr som delast vaskast etter bruk, minimum dagleg. -Det er ikkje naudsynt å bruke desinfeksjonsmiddel -Redusere talet på leiker og materiell innandørs -Leiker og materiell som berre nyttast av ein kohort treng ikkje dagleg reingjering - I staden for reingjering, kan leiker og materiell i «karantene» i 2-3 dagar før dei brukast av ein annan kohort. -Tøyleiker og tekstilar vaskast som anvist, om ikkje må dei ryddast bort. 	<ul style="list-style-type: none"> -Barnehageleiinga har ansvar for å fordele leiker og materiell, og ev. byte etter helg
RAUDT	<ul style="list-style-type: none"> -God handhygiene på rett måte til rett tid -Hoste/nyse i albogekroken eller i tørkepapir <i>Forsterka rutinar for reinhald:</i> -Toalett og vaskeservantar må reingjerast minimum dagleg -Eingongspapirhandkle og såpe skal vera tilgjengeleg -Reingjering av pottar etter bruk -Matbord og stolar vaskast med vatn og såpe etter bruk 	<ul style="list-style-type: none"> <i>Barna skal vaske eller desinfisere hender:</i> -Når dei kjem til barnehagen, -før måltid, - etter toalettbesøk, - vaske ved synleg skitne hender, - etter å ha pussa nesa, - etter kontakt med dyr -Rutinar som syter for at det alltid er såpe og tørkepapir tilgjengeleg ved alle handvaskar -Rutinar som syter for at våtserviettar og handsprit er med på tur -Rutinar som syter for tilgjengeleg desinfisering t.d. på pauserom, ved porten og andre aktuelle stader -Rutinar for å bruke hanskar ved bleieskift og handvask etter bleieskift -Det er oppslag i bygget om rutinar for god handhygiene, når og korleis den skal gjennomførast. -Det er ikkje naudsynt med smittevernustyr eller eige arbeidstøy. Tøy vaskast som normalt. -Barn, føresette og tilsette blir minna om god hoste/nysehygiene og det er oppslag om dette i bygget -Reinhald utarbeider eigne planar for forsterka reinhald i tråd med tilrådingane i smittevernrettleiaren. -Barnehageleiinga har ansvar for reingjering av leiker og ev. matbord/stolar dersom fleire grupper skal bruke same bord.

<ul style="list-style-type: none">-Dørhandtak, trappegelender, stolar o.l. reingjerast minimum dagleg.-Nettbrett, tastatur/datamaskin og anna utstyr som delast vaskast etter bruk, minimum dagleg.-Det er ikkje naudsynt å bruke desinfeksjonsmiddel-Redusere talet på leiker og materiell innandørs-Leiker og materiell som berre nyttast av ein kohort treng ikkje dagleg reingjering- I staden for reingjering, kan leiker og materiell i «karantene» i 2-3 dagar før dei brukast av ein annan kohort.-Tøyleiker og tekstilar vaskast som anvist, om ikkje må dei ryddast bort.	<ul style="list-style-type: none">-Barnehageleiinga har ansvar for å vurdere kor mykje leiker og materiell som treng å vera framme-Barnehageleiinga har ansvar for å fordele leiker og materiell, og ev. byte etter helg
---	---